



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3912 - 23/60037

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
25.07.2023

Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 418/11 Villanger

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå arealformål og arealoverføring.
Byggjestad: Gbnr 418/11
Tiltakshavar: Per Sigmund Villanger
Heimelshavar: Per Bjørkhaug

Saka gjeld søknad om arealoverføring av tilleggsareal til hyttetomt, gbnr 418/25. Arealet er oppgjeve til å vera om lag 600 m². Gbnr 418/25 har eit areal oppgjeve til å vera 549,5 m² medan gbnr 418/11 har eit registrert areal i matrikkelen på 207,3 da.

Det vart først søkt frådelling etter læra om frådelling til uendra bruk. Søkjar fekk melding om at søknaden ikkje kunne handsamast etter denne læra. Det vart då søkt om dispensasjon frå arealformål.

Tilleggsarealet har vore i bruk Som hyttetomt sidan 1968. Dette etter tinglyst kjøpekontrakt frå same år. Tilleggsarealet vart skyldelt 19.07.1967, men nekta frådelt då det låg for nært driftsbygning på garden.

I føresegn 3.4.3 punkt 3 i kommunedelplan for Radøy står det at det ikkje skal opprettast ny grunneigedom nærare enn eksisterande driftsbygning enn 50 meter. Dette gjeld for arealformål LNF – spreidd busetnad.

Arealet er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart.

Registrerte eigedomsgrenser i matrikkelen er ikkje rette for gbnr 418/25.

Planstatus

Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan for Radøy (KDP)

VURDERING

Alver kommune ved landbruksavdelinga har i vedtak saknr. 781/23 datert 17.07.2023 gjeve løyve til deling etter jordlova. Landbruksinteressene er viktige faktorar i vurdering av om det skal gjevast dispensasjon i saka.

I tillegg til å vurdere om det kan gjevast dispensasjon frå arealformål LNF må avstand til driftsbygning på mindre enn 50 meter vurderast. I tillegg til nemnde føresegn 3.4.3 i KDP er også avstand til driftsbygning teke opp i planskildringa under punkt 5 (retningsliner for dispensasjon): « Ved frådelling, og bygging av bustader og bygg til andre føremål enn landbruk, skal avstand til driftsbygning vere minst 50 meter.»

Kart



Alver kommune meier søknad om dispensasjon er godt grunngjeven og kommunen vurderer å gje dispensasjon frå arealformål LNF for omsøkte arealoverføring.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om oppretting/ending av matrikkeleining/rekvisisjona v oppmålingsforretning
Kjøpekontrakt gbnr 418/11
Behandling av klage - Landbruksdepartementet 30.11.1967
Utskrift frå møtebok Hordaland fylkeslandbruksnemnd 15.09.1967
Skyldskifteforretning gbnr 418/25
Søknad om frådeling - gbnr 418/11 og 418/25 Villanger
Tilleggsopplysninger dispensasjonssøknad - GBNR 418/11 og 418/25 Villanger
Løyve til å dele i frå om lag 600m2 på gbnr 418/11 med føremål å føre over arealet til gbnr 418/25 -
gbnr 418/11 Villanger

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER